



**Ruspolitisk handlingsplan
For
Vik kommune
2008 – 2012**

1. Innleiing

1.1 Heimel

1.2 Kommunen sitt arbeid med rullering av planen

2. Omtale av rusmiddelsituasjonen

2.1 Nasjonalt nivå

2.2 Nasjonale mål og strategiar

2.3 Politiet si ungdomsundersøking

2.4. Omsetning av alkohol

2.5 Førebyggande barne og ungdomsarbeid

2.6 Omsorg, behandling og ettervern

3. Vurdering av rusmiddelsituasjonen i kommunen - utfordringar

3.1 Utfordringar i kommunen.

3.2 Kommunen sine mål og strategiar

4. Tiltak for å nå dei kommunale måla

4.1 Haldningsskapande og førebyggande arbeid, informasjon

Og opplysning

4.2 Tiltak for å regulera tilgjenge av alkohol

4.3 Tildeling av sals og skjenkeløyve

5. Gjeldande reglar for sal og skjenking av alkohol i Vik kommune

5.1 Retningsliner for utøving av sals og skjenkepolitikken

5.2 Gjennomføring av kunnskapsprøven om alkohollova

5.3 Kontroll med Sals og skjenkeløyve og reaksjonar på brot

6. Trivsel i det offentlege rom.

6.1 Tiltak

Grunnleggande verdiar

- Ruspolitikken i Vik kommune baserer seg på ei erkjenning av at det er ein samanheng mellom tidleg alkoholdebut og rusrelaterte problem seinare i livet. Å utsetja debut, tidleg identifikasjon (kjenna att) og intervensjon (gripa inn) i høve til unge i ein utsett posisjon, er eit felles ansvar og eit grunnleggjande prinsipp i **god førebygging**.
- Planen byggjer på at alkohol framleis vil vera det einaste legale rusmiddel i Noreg. Det er viktig å vera tydeleg i forhold til dette.
- Me har alle eit felles ansvar for å vera tydelege rollemodellar. Foreldre, føresette og alle som arbeider med born og unge har kvar for seg eit ansvar for å oppdra, oppdaga og eventuelt intervenera. I samvær med born og unge må engasjement, måtehald og ansvar i høve til aldersgrense vera ein føresetnad.
- Det einskilde individ sin rett og fridom til eigne val skal fullt ut respekterast. I dette ligg det og at ein ikkje fråtek den einskilde sitt ansvar for eigne val og handlingar. Kommunen si oppgåve vert å laga trygge og gode rårer for einskildindividida og deira val i dei grunnleggjande fasar i livet.

RUSPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR VIK KOMMUNE

1. INNLEIING

1.1 Heimel

I fylgje Alkohollova (Lov av 2.juni 1989 nr 27 om omsetning av alkoholholdig drikk mv) § 1 – 7d skal kommunane utarbeida ein alkoholpolitisk handlingsplan. Lova vart revidert i 2005 og kommunane fekk større fridom til å organisera sitt alkoholpolitiske arbeid ut i frå ei vurdering av lokale forhold.

Forsking syner at bruk av alkohol og narkotika bør sjåast i samanheng, m.a. fordi tidleg debut av alkohol aukar risikoen for bruk av narkotika. Manglande eller dårleg målretta førebyggingstiltak fører til auka behov for oppfølging og rehabilitering av rusmiddelbrukarar. Dette er bakgrunnen for at Sosial og helsedirektoratet oppmodar kommunane til å arbeida ut ein heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan.

Det førebyggjande arbeidet i kommunen er avgjerande for å avgrensa sosiale og helsemessige skader. Planen er utforma til å ikkje berre vera ein rein tiltaksplan, men at planen i seg sjølv skal gje ein del nyttig informasjon.

Kommunen er pålagt ei rekkje oppgåver på rusmiddelfeltet. Dette gjeld i hovudsak følgjande lover:

- Lov av 2.juni 1989 om omsetning av alkoholholdig drikk, m forskrifter
- Lov av 13.desember 1991 om sosiale tenester
- Lov av 19.november 1982 om helsetjenester i kommunene
- Lov av 17.juli 1992 om barneverntjenester
- Lov av 2 juli 1999 om psykisk helsevern

I tillegg er ein stor del av det førebyggjande arbeidet såkalla ”ikkje lovpålagt arbeid”, og går føre seg utanfor helse og sosialsektoren. Friviljuge lag og organisasjonar utgjer den viktigaste ressursen i det førebyggjande arbeidet for born og unge i Vik kommune.

1.2 Kommunen sitt arbeid med rullering av planen.

Ruspolitisk handlingsplan 2004 – 2008 vart vedteken i kommunestyret 28.06.04, sak 0047/04. Det vart då og vedteke at planen skulle gjelda for ein periode på 4 år. Difor er dette arbeidet ei rullering av tidlegare plan, og gjeld for planperioden 2008 – 2012. ***Det er ikkje oppretta noko plannemnd for rullering av planen. Arbeidet vart gjort administrativt.*** Sidan planen for 2004 – 2008 framleis gjev god oversikt m.a. over omsorg, behandling, ettervern, har administrasjonen ved denne rulleringa henta inn informasjon frå sentrale aktørar som ein veit har mykje å bidra med i ein ruspolitisk handlingsplan. Dette gjeld politiet, AA, ungdommens kommunestyre, m.fl. Ansvar for utarbeiding av skriftleg plandokument har vore helsekoordinator/ungdomsleiar og sosialkonsulent i samarbeid med ”Stiftelsen Bergensklinikkene”.

2. OMTALE AV RUSMIDDELSITUASJONEN.

2.1 Nasjonalt nivå.

Noreg ligg relativt godt an i Europeisk samanheng både med omsyn til totalforbruk og skader. Ei av dei viktigaste årsakene er at Noreg i stor grad nyttar dei kontrollpolitiske verkemidla i alkoholpolitikken. Kommunen sine lokale bestemmingar av sal og skjenking av alkohol er eit av dei viktigaste verkemidla for å avgrensa alkoholrelaterte skader. Undersøking av kommunane si forvaltning av alkohollova syner at utviklinga har gått i retning av betydeleg liberalisering av alkoholpolitikken lokalt. Tal skjenkestader har i perioden 1980 – 2004 auka frå 2257 – 7092 (veileder for ruspolitisk handlingsplan 2006 s 3). Når det gjeld narkotika, rapporterer SIRUS (Statens institutt for rusmiddelforskning) at talet på unge vaksne (21 – 30 år) som har brukt narkotika nokon gong auka sterkt dei siste åtte åra, medan talet har gått ned for ungdom under 20 år (Rapport til EU sitt narkotikabyrå om narkotikasituasjonen i Noreg). I dei fleste kommunane er det alkohol som vert gjevne opp som å vera det største problemet for både vaksne og ungdom (SIRUS, årleg rapportering frå politiet og helse og sosialetaten).

2.2 Nasjonale mål og strategiar.

Regjeringa sin visjon for rusmiddelpolitikken er ”*frihet frå rusmiddelproblemer*” og hovudmålet er ”*betydelig reduksjon i de sosiale og helsemessige skadene av rusmiddelbruk*”.

Viktige strategiske mål for rusmiddelpolitikken:

- Førebyggja alle typar rusmiddelbruk.
- Betra tilgangen til effektiv rådgjeving, hjelp og behandling for personar med rusmiddelproblem og deira pårørande.
- Oppnå ein vesentleg reduksjon i førekomsten av rusmiddelrelaterte helseskader og tal rusmiddelrelaterte dødsfall.

Strategiske mål for alkoholpolitikken:

- Redusera totalforbruket av alkohol.
- Endra skadelege drikkemønster.
- Redusera ulovleg omsetjing av alkohol.
- Heva debutalder for alkohol.
- Auka oppslutnaden om alkoholfrie soner, som under graviditet, i trafikken, i samvær med born og ungdom, i arbeidslivet og i organisert fritid.

Strategiske mål for narkotikapolitikken:

- Redusere tilbodet av ulovleg narkotiske stoff.
- Auka talet på misbrukarar som ved hjelp av legemiddelassistert behandling og medikamentfri behandling kjem seg ut av misbruket og får vesentleg betre livskvalitet.
- Motverka narkotikamisbruk, eksperimentering og rekruttering, særleg blant barn og unge under 18 år.
- Etablera fullgode alternativ som gjer det mogleg å ta vekk og motverka opne salg og samlingsstader for narkotikamisbrukarar.
- Redusera kriminalitet som fylgje av narkotikamisbruk.

2.3 Politiet si ungdomsundersøking

Politiet i Sogndal har i fleire år gjennomført ei spørjeundersøking om rus for elevane i ungdomsskulen (8 og 10 klasse) og i den vidaregåande skulen. Vik kommune vart med i denne undersøkinga frå 2004. Det vart ikkje gjennomført noko spørjeundersøking i 2007.

Det som vert presentert her er frå undersøkinga i 2006.

Om alkohol, har politiet stilt følgjande spørsmål:

”Har du drukke alkohol på ein slik måte at du har kjent verknad av alkoholen”

Svara syner svak nedgang i talet på både gutar og jenter i frå 2003 – 2006. Det kan tyde på at det er ein gjennomsnittleg nedgang på bruk av alkohol i ungdomsgruppa generelt, men endringa kan og tyda på at det er nokre fåe i ungdomsgruppa som drikk mykje, og at dei andre drikk lite. Det er og slik at i einskilde klassar er det ”utrendy” å drikka alkohol, og at dette då syner att i undersøkinga.

Andre samanliknande undersøkingar i Noreg, m.a. Bergensundersøkinga, syner den same trenden. Samstundes syner nasjonale undersøkingar at alkoholkonsumet til jentene aukar (sjå SIRUS), og at det totale alkoholforbruket i befolkninga generelt har auka.

2.4 Omsetning av alkohol.

Årleg samla omsetning av alkohol i kommunen dei seinare åra:

År 2000 – 132.000 liter

År 2001 – 117.000 liter

År 2002 – 120.000 liter

År 2003 – 125.000 liter

År 2004 - 131.000 liter
År 2005 - 132.000 liter
År 2006 - 141.000 liter
År 2007 - 147.800 liter

2.5 Førebyggande barne og ungdomsarbeid

Kvaliteten på det heilskaplege oppvekstmiljøet er av stor betydning for å byggja opp og fremja det einskilde barn og ungdom sine beskyttelsesfaktorar for å redusera eventuelle risikofaktorar, t.d. tidleg eksperimentering av rus, bruk og misbruk. Her er det fyrst og fremst kvaliteten på foreldra sin innsats som vil gje utslag. I det førebyggande arbeidet er ein likevel heilt avhengig av tverrfagleg samarbeid og friviljuge organisasjonar.

Skulen er ein svært viktig arena her. Råmer og retningsliner for skulen sitt rusførebyggande arbeid ligg i skulen sine læreplanar og Kunnskapsløftet. Kunnskap om helsefremjande og førebyggande arbeid i skulen er slege fast i m.a. *Vurdering av program og tiltak for å redusere problematferd og utvikle sosial kompetanse* (2000 , Kyrkje, utdannings og forskningsdepartementet og Barne og familiedepartementet), og *Forebyggende innsatser i skolen* (2006, Utdanningsdirektoratet). Her vert det slege fast at det er samanheng mellom ulike problemområde og at førebyggande tiltak på eit område også vil verka inn på andre problemområde. Metodar for førebygging og tidleg intervensjon mot åtferdsproblem i skulen, førebyggjer difor og rusproblem. Både nasjonal og internasjonal forskning framhevar at skulen bør ha ein sentral, aktiv og integrerande rolle i det førebyggande arbeidet. Vik kommune er i ferd med å etablera seg som MOT-kommune (om MOT: ” MOT jobber med å bevisstgjøre ungdom til å ta val som gjør at de mestrer ungdomstiden på en bedre måte og til å gjennomføre og stå for disse valgene. www.MOT.no). Fleire av nabokommunane m.a. Leikanger og Sogndal, driv eit aktivt samarbeid med MOT. Sidan 97% av 16 åringane frå Vik kommune er elevar ved Sogndal vidaregåande skule der MOT er etablert, er det viktig at også skulane i Vik kommune etablerer samarbeid med MOT. Frå 01.01.08 etablerte Vik kommune politiråd. Eit politiråd arbeider kriminalitetsførebyggande, og har fokus på heile livsløpet.

I ” *tidlig intervensjon på rusområdet*” (Sosial og helsedirektoratet 06/2007), heiter det m.a. følgjande:

” Å utvikle beskyttelsesfaktorer i miljøet og hos individene er i seg selv forebyggende. En beskyttende faktor er et forhold som spiller sammen med risikofaktorer og reduserer negativ innflytelse” (Sosial og helsedepartementet 06/2007 s 26). I rapporten er det laga følgjande oversikt over ulike område og risiko og beskyttelsesfaktorar:

<u>Individuelle:</u>	
<u>Risikofaktorar:</u> <ul style="list-style-type: none"> - tidleg debut - utagerande - sensasjonssøkande - manglande kunnskap om rus og risiko - individuell sårbar - utsett for seksuelle og fysiske overgrep - pessimistisk om framtida 	<u>Beskyttelsesfaktorar:</u> <ul style="list-style-type: none"> - Medfødt robust - kapasitet - sosial kompetanse - oppleving av meining og samanheng - kreativitet - hobbyar
<u>Familie:</u>	
<u>Risikofaktorar:</u> <ul style="list-style-type: none"> - Manglande tilsyn - manglande interesse for den unge - tilknytingsproblem - alvorlege konflikter - bruk av rusmiddel - seksuelle og fysiske overgrep - stor fattigdom 	<u>Beskyttelsesfaktorar:</u> <ul style="list-style-type: none"> - kommunikasjon og samspel - struktur og reglar - minst ein god vaksenperson - sterke slektsband - høgre sosioøkonomisk status
<u>Venner:</u>	
<u>Risikofaktorar:</u> <ul style="list-style-type: none"> - Bruk av rus - Kriminalitet - antisosiale normer - låg status hjå venner 	<u>Beskyttelsesfaktorar:</u> <ul style="list-style-type: none"> - tydelege normer - tilknytning - framtoning - sosiale normer
<u>Skule:</u>	
<u>Risikofaktorar:</u> <ul style="list-style-type: none"> - dårleg skuleklima - lese og skrivevanskar - dårleg likt - manglande venner - skulk - manglande interesse for skulen 	<u>Beskyttelsesfaktorar:</u> <ul style="list-style-type: none"> - utvikla kompetanse - positive aktivitetar
<u>Nærmiljø:</u>	
<u>Risikofaktorar:</u> <ul style="list-style-type: none"> - få ressursar til førebyggjande arbeid - kriminalitet - normer som aksepterer konsum - tilgang på rusmiddel - dårleg bumiljø - stor fattigdom 	<u>Beskyttelsesfaktorar:</u> <ul style="list-style-type: none"> - Minst ein betydningsfull vaksen - sosiale venner - felles delte verdiar - samfunnsstruktur som støtter - meistringstrategiar

2.6 Omsorg, behandling og ettervern

Rusavhengige/russkadde kan venda seg til sosialtenesta/NAV eller til fastlegen når ein vurderer å gjera noko med rusproblemet. Også pårørande vil kunna søkja informasjon og råd der. Sosialtenesta/NAV er gjennom "Lov om sosiale tenester" pålagt eit overordna og koordinerande ansvar for tiltak for personar med rusproblem. Einskilde hjelpetiltak vil kunne setjast inn på kommunenivå.

Normalt vil ei utgreiingseining i samarbeid med pasient og rette instans i kommunen visa til vidare 1)avrusing, 2) vidare utgreiing, 3) poliklinisk behandling eller 4) behandling i institusjon.

3. VURDERING AV RUSMIDDELSITUASJONEN I KOMMUNEN - UTFORDRINGAR

3.1 Utfordringar i kommunen

Politiet i Vik opplyser at i 2007 var det 21 saker på beslag av narkotika i Vik kommune. Utfordringa vert sjølvsagt å arbeida mot å hindra at dette miljøet får utvikla seg. I lys av innbyggjartal i kommunen, har politiet i Vik høge tal på narkotikarelaterte saker. Dette seier oss ein del om stoda i kommunen på narkotika, samstundes fortel det og om måten politiet i Vik arbeider på. Her har politiet vore effektive, noko som i seg sjølv er svært førebyggjande.

Den største utfordringa for Vik kommune er at alle ungdommane må ut av kommunen når dei skal til på vidaregåande utdanning. Dei aller fleste ungdommane bur på hybel i Sogndal, og mange debuterer på alkohol når dei flytter på hybel.

Det knyter seg og store utfordringar til samanhengen mellom det å bu på hybel og fråvær og at elevar droppar ut frå vidaregåande skule. Fråvær kan vera ein indikator på problem som m.a. kan ha samanheng med rus. Vik kommune ynskjer å arbeida særleg med denne utfordringa.

P.r. 01.01.2007 hadde Vik kommune 2835 innbyggjarar. Alderssamansetjingi er slik:

0-5 år -	187
6 – 15 år -	358
16 – 66 år-	1685
Over 67 år -	605

Alkoholdebatt i kommunestyret og andre politiske organ vert ofte avgrensa til spørsmål om skjenkeløyve eller ikkje. Det er sjeldan politiske organ har høve til å drøfta heilskapen i problemområde, helsemessige og sosiale skader og følgjer for born og unge sine oppvekstvilkår. Difor er det viktig at det i dei komande debattane om sal og skjenkeløyve, også legg opp til ei drøfting på heilskapen i problemområdet.

3.2 Kommunen sine mål og strategiar

- Heva debutalder for bruk av alkohol.
- Redusert totalbruk av alkohol.
- Arbeida for eit narkotikafritt lokalsamfunn.
- Betring av livskvaliteten til personar med rusproblem og deira pårørande, gjennom behandling og støttetiltak.
- Å føra ein kritisk sals – og skjenkeløyvepolitikk og å føra kontroll med dei løyva som vert gjevne.

4. TILTAK FOR Å NÅ DEI KOMMUNALE MÅLA

4.1 Haldningsskapande og førebyggjande arbeid, informasjon og opplysning

TILTAK:	ANSVAR:
Informasjon om farane ved bruk av alkohol i svangerskapet	Jordmor/helsestasjon
Haldningsskapande arbeid knytt til barnehagane	Skule/politirådet
Ulike aktivitetar for born og unge som fremjar meistring, fellesskap, sysselsetting, utfordring og spenning i rusfrie miljø.	Helsekoordinator/ungdomsleiar i samarbeid med både politiråd, folkehelsegruppene, skular, sosialkontor og politiet
Foreldremøte med fokus på rusførebygging og generelt haldningsskapande arbeid.	Barneverntenesta/politiet/helsekoordinator/ungdomsleiar og andre naturlege samarbeidspartar.
Kompetanseutvikling av kommunalt personell og andre innanfor feltet rusførebyggjande arbeid.	Barneverntenesta/helsekoordinator/ungdomsleiar/skulane
Trendanalysar	Politiet
Oppretthalda/utvida nattugleprosjektet.	Helsekoordinator/ungdomsleiar
Ansvarleggjering av næringsaktørane i høve sal og skjenking.	Rådmann/politikarane
Støtte til etablering av etterverngruppe	Sosialtenesta/NAV
Samarbeid med næringslivet og andre aktuelle aktørar i	Sosialtenesta/NAV

rehabiliteringssaker	
Kunnskapsprøvar om alkohollova.	Sosialtenesta/NAV
Kontroll av sals og skjenkestader.	Vestservice (på oppdrag frå Sogn regionråd)

I det førebyggjande arbeidet er det svært viktig å byggja vidare på tiltak og samarbeid som fungerer godt

4.2 Tiltak for å regulera tilgjenge av alkohol

Lov av 2.juni 1989 nr 27 om omsetning av alkoholholdig drikk (alkohollova) regulerer tilgjenge av alkoholholdig drikk m.a. gjennom ordninga med løyve, fastsetjing av vilkår for korleis sal og skjenking skal gå føre seg, og kontroll med at løyvehavarane fylgjer vilkåra.

Lova seier m.a. at all omsetning av alkoholholdig drikk krev særskild offentleg løyve. Lova sler fast kva offentleg mynde som kan gje slikt løyve. Prinsippet bak det kommunale løyvesystemet er at det stort sett er lokale politiske organ som skal regulera tilgjenge av alkohol til forbrukarane. Difor er det viktig at kommunen ser tildelinga av løyve i lys av ein heilskapleg rusmiddelplan.

Alle som får løyve må fylgja reglane i alkohollova. Alle som får skjenkeløyve skal gjerast særskilt merksame på føresegnene sitt kapittel 2, ”skjenkesteders plikt til å føre alkoholsvake og alkoholfrie drikker”.

Konsekvensane av auka tilgang på alkohol pregar i aukande grad folk sin kvardag. 60 – 80% av valdstilfella i Noreg er relatert til alkohol, i fylgje Statens Institutt for rusmiddelforskning (SIRUS). Di meir og oftare du drikk, di større er sjansen for å hamna i slåsskamp. Ein restriktiv alkoholpolitikk førebyggjer rusrealtert kriminalitet og vald, frigjer polititressursar og vernar tredjepart (SIRUS : ”Lokal alkoholpolitikk 2006 s 11).

Omsyn bak lova:

Alkohol er ei lovleg vare, og mange menneske har glede av å nyta alkohol i moderate mengder. Det er og slik at det knyter seg relativt store næringsinteresser til sal og skjenking av alkoholholdig drikk. Likevel er det stor semje om at ein med ulike verkemiddel skal avgrensa bruken av alkohol, og at omfanget av alkoholskader har direkte samanheng med omfanget av forbruket. Alkohollova tek vare på desse kryssande interessene.

Kommunen kan:

- i løyvepolitikken sin leggja vekt på om ein ynskjer fleire sals og skjenkestader
- leggja vekt på korleis skjenking eller sal skal gå føre seg
- ved fornying av løyve, leggja vekt på korleis løyvehavar har handsama løyvet sitt
- leggja vekt på tilhøve som kan ha samanheng med alkoholomsetnad som t.d. ordensmessige Tilhøve.

Ved fornying av løyve er det i forarbeidet til alkohollova, Ot.prp. nr 31, 1988 – 89, streka under at fornying av skjenkeløyve ikkje skal skje automatisk. Kommunen har høve til å endra løyvepraksis i ein periode.

4.3 Tildeling av sals og skjenkeløyve

Eit sals eller skjenkeløyve er eit vedtak som gjev nokon ein fordel. Eit vilkår er eit atterhald som tek sikte på å avgrensa rekkjevidda av løyvet. Alternativt kan vera at ein ikkje gjev løyve. Kommunen står likevel ikkje heilt fritt til å setja vilkår for å gje løyve. Vilkåret må ha sakleg samanheng med det løyvet som vert gjeve, t.d. skal det fremja føremålet med alkohollova. Vilkåret må ikkje vera urimeleg tyngjande eller urimeleg av andre grunnar. Alkohollova inneheld føresegner om normal og maksimaltider for sal og skjenking av alkohol. Men kommunen kan i stor grad sjølv avgjera sal og skjenketidene sine. Det er likevel ikkje høve til å bestemma at det kan seljast eller skjenkast utover maksimaltidene i lova. Dersom ikkje kommunen i forskrift eller i einskildvedtak fastset sals eller skjenketider, er det normaltida i lova som gjeld.

Tidsinnskrenking for sal av øl (alkohollova §3 – 7):

Sal og utlevering av øl kan skje frå kl 08.00 til kl 18.00. På dagar før søndagar og helgedagar skal salet slutta kl 15.00. Det gjeld ikkje dagen før Kristi Himmelfartsdag.

Kommunestyret kan generelt for kommunen eller for den einskilde salsstaden innskrenka eller utvida tida for sal i samsvar med det som følgjer av første ledd. Sal og utlevering av øl er likevel forbode etter kl 20.00 på kvardagar, og etter kl 18.00 på dagar før søndagar og helgedagar, så nær som dagen før kristi Himmelfartsdag. Ein kan ikkje fastsetja at øl ikkje skal seljast til visse tider på dagen eller på visse vekedagar. Sal og utlevering av øl skal ikkje skje på søndagar og helgedagar, 1. og 17.mai og på valdagen for stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkerøysting som er vedteken ved lov.

Tidsinnskrenkingar for skjenking av alkoholhaldige drikkar (alkohollova § 4 – 4):

Skjenking av brennevin etter kommunalt løyve kan skje frå kl 13.00 til kl 24.00. Skjenking av vin og øl kan skje frå kl 08.00 til kl 01.00.

Kommunestyret kan generelt for kommunen eller for den einskilde skjenkestaden innskrenka eller utvida tida for skjenking i samsvar med det som følgjer av første ledd. Den fastsette skjenketida kan utvidast for eit einskilt høve.

Det er forbode å skjenke brennevin mellom kl 03.00 og kl 13.00 og å skjenke øl og vin mellom kl 03.00 og 06.00.

Tida for skjenking av brennevin kan ikkje fastsetjast utover den tida det kan skjenkast vin og øl. Skjenking av brennevin er forbode på valdagen for stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkerøysting som er vedteken ved lov.

Utskjenkt alkoholhaldig drikk må konsumerast seinast 30 minutt etter at skjenketida er slutt. På overnattingsstader kan det skjenkast øl og vin til overnattingsgjester utan omsyn til avgrensingane i denne paragrafen.

5. GJELDANDE REGLAR FOR SAL OG SKJENKING AV ALKOHOL I VIK KOMMUNE

5.1 Retningslinjer for utøving av sals og skjenkepolitikken

- **Løyveperioden:**

Løyvet kan gjevast for periodar på inntil 4 år, med opphøyr seinast 30.juni året etter kommunestyrevalet. Dersom spørsmål om nytt løyve ikkje er endeleg avgjort når løyve perioden går ut, gjeld løyvet til utgangen av den månad endeleg vedtak er gjort – likevel ikkje lenger enn 3 mnd frå byrjinga av den nye løyveperioden.

- **Salsløyve:**

Daglegvarebutikkane kan søkja om/har salsløyve for øl, og vin/brennevin med under 4,76 volumprosent alkohol.

- **Salstider:**

Salstidene skal vera slik:
Måndag – fredag 08.00 – 20.00
Dagar før søndag og helgedagar: 08:00 – 18.00

- **Skjenkeløyve:**

- **Tal løyve:**

Det er ikkje fastsett avgrensing i tal løyve

- **Type løyve:**

Generelt løyve for servering av øl, vin og brennevin:

- hotell
- restaurant og andre serveringsstader avgrensa mot eit vakse publikum
- gardsturisme

Generelt løyve for servering av øl og vin:

- Reiselivsverksemder som pensjonat, vertshus og mindre Overnattingsstader
- pubar
- stader retta mot ungdom frå 18 år og eldre
- båtar i chartertrafikk m.m.
- uteserveringsstader

Løyve til servering av øl og vin ved enkeltarrangement:

- Forsamlingslokale med blanda føremål
- Blixhalli ved storarrangement
- andre forsamlingslokale, evt ved kombinert bruk
- uteservering i samband med spesielle arrangement

Ambulerande løyve: Løyve til servering av øl, vin og brennevin i **lukka lag**.

Følgjande lokale er aktuelle:

- Selskapslokale
- Verksemdar som har generelt løyve avgrensa til øl og vin. Det er ikkje øvre grense på tal ambulerande skjenkeløyve. Tildeling skal ikkje kunna gjevast til stader som er unntatte for skjenking i lov, forskrifter eller kommunale retningslinjer.

Alkoholservering utan løyve: privatpersonar som leiger/låner eit lokale kan servera alkohol utan løyve ved særskilde høve og i lukka lag. Jfr alkohollova § 8 – 9 siste lekk. Eit slikt fritak gjeld ikkje organisasjonar som leiger/låner eit lokale.

Skjenketider:

Konsum av skjenkt alkoholhaldig drikk må opphøre seinast 30 min etter at skjenketida er slutt jfr alkohollova § 4- 4.

- **Brennevin:**
 - Søndag – torsdag: kl 13.00 – 24.00
 - Fredag og laurdag: kl 13.00 – 02.00
- **Øl og vin – inne:**
 - Søndag – torsdag: kl 08.00 – 24.00
 - Fredag og laurdag: kl 08.00 – 02.00
- **Øl og vin – ute:**
 - Til kl 23.00 alle vekedagar
- **Utvida skjenketid – ute:** det vert **ikkje** gjeve utvida skjenketid for uteservering
- **Utvida skjenketid – inne** (jmftr vedtak i kommunestyret av 02.05.05, sak 026/05):
 1. Det vert ikkje høve til å gje utvida skjenketid for arrangement på fredagar og laurdagar
 2. For arrangement på bevegelege helgedagar som fell på dagane søndag – torsdag kan det skjenkast inntil kl 0200.
 3. For arrangement på dagane søndag – torsdag, utanom bevegelege helgedagar, kan rådmann i særlege høve gje utvida skjenketid inntil kl 0200, etter søknad 14 dagar i førevegen.

5.2 Gjennomføring av kunnskapsprøven om alkohollova

Kommunen er ansvarleg for å gjennomføra kunnskapsprøvar for styrarar og nestansvarlege i verksemdar som har eller søker kommunalt sals og skjenkeløyve (alkohollova § 1 – 7c). Kommunen kan og halda slike kunnskapsprøvar for kandidatar som ikkje er knytte til verksemdar med løyve. Sosial og helsedepartementet har fastsett forskrift om dokumentasjon av kunnskapar.

Gebyrinntekter: Dei årlege gebyra som vert kravd inn, skal nyttast til kommunen si utøving av kontroll med sals og skjenkestader, gjennomføring av kunnskapsprøva og til førebyggjande tiltak.

5.3 Kontroll med sals og skjenkeløyve og reaksjonar på brot

Den kommunale kontrollen med sals og skjenkeløyve er avgjerande for ein god alkoholpolitikk.

Kommunen har med heimel i Alkohollova § 1 – 9 ansvar for kontroll med utøving av kommunale skjenkeløyve.

Kontrollmynde skal m.a:

- føra tilsyn med at løyvehavarane følgjer alkohollova, vilkåra i løyvet, og dei kommunale retningslinjene elles. Skjenkekontrollen bør fyrst og fremst leggja vekt på å kontrollera:
- sals og skjenketidene
- reglane for aldersgrense
- om det vert selt eller skjenkt til tydeleg rusa personar
- om det er tilstrekkeleg med vakter

Etter kommunen sitt delegasjonsreglement er formannskapet, kommunalt kontrollutval. Vik kommune har samarbeid med Sogn Regionråd om den fysiske gjennomføringa av kontrollverksemda i kommunen.

Kontrollen skal føregå på følgjande måte:

- Kontrollen skal ha ei rettleiing og informasjonsplikt overfor skjenkestader i regionen
 - Minst ein gong i året skal kontrollørane informera skjenke og salsstadane anten skriftleg eller munnleg om det regelverket som gjeld.
 - Kontrollverksemda pliktar kvart år å ha eit møte med kontrollnemnda i kommunen for å informera om erfaringar med kontrollarbeidet.
 - Det skal gjennomførast 3 kontrollar i året ved alle sals og skjenkestadene i kommunen.
- Minst 2 av kontrollane skal leggjast til dagar då ein kan venta at det er auka aktivitet m.o.t. sal og skjenking.***
- Etter kvar kontroll skal det skrivast rapport om resultatet av kontrollen til kontrollnemnda i kommunen.

Sanksjonsreglement: Prosedyrar og tiltak ved brot på alkohollova:

Det er viktig at kommunane sikrar kontroll av skjenkestadene og brukar alkohollova sine reaksjonar meir aktivt. Det er lett å få eit skjenkeløyve, medan fåe misser løyvet trass i brot på alkohollova (SIRUS 2006 s 13).

Ved fastsetjing av tidsrom skal det leggjast vekt på ”type overtredelse, overtredelsens grovhet, om bevillingsinnehaver kan klandres for overtredelsen, kva som er gjort for å rette opp forholdet m.m. (sjå alkohollova §1-8).

Følgjande prosedyre og tiltak skal setjast i verk overfor sals og skjenkestader som ikkje driv i samsvar med alkoholovgjevinga, andre relevante lover og kommunale retningslinjer for alkoholomsetninga:

1. *Dersom alkoholkontrollørane etter kontroll meiner å påvisa brot på alkohollova/kommunale retningslinjer ved sals eller skjenkestaden, skal kontrollørane skriva utfyllande detaljert rapport til kommunen.*

2. *Administrasjonen sender gjenpart av rapporten til den aktuelle sals eller skjenkestaden og ber om merknader og/eller kallar inn til samtale for å klargjera dei faktiske tilhøva. I slike samtalar skal sals eller skjenkestaden gjera greie for korleis dei vil syta for at evt brot på alkohollovgjevinga/kommunale retningslinjer ikkje skal skje i framtida.*
3. *Dersom det er påvist klare lovbro/regelbro, skal administrasjonen **ved første gongs tilfelle** sende skriftleg åtvaring til den aktuelle verksemda, og formannskapet skal vera orientert om saka.*
4. *Dersom det er påvist **klare lovbro/regelbro trass i tidlegare åtvaring**, skal det fremjast sak om inndraging av sals eller skjenkeløyve til formannskapet.*
5. *Dersom lovbro/regelbro etter administrasjonen si vurdering er av særskilte alvorleg karakter, skal det fremjast sak til formannskapet om inndraging av sals/skjenkeløyvet **umiddelbart**.*
6. *Ved lovbro/regelbro av alvorleg karakter, har administrasjonen fullmakt til å dra sals eller skjenkeløyvet attende med øyeblikkeleg verknad fram for formannskapet til handsaming.*

Elles gjeld retningslinjene for kontroll med skjenking av alkoholvarer og sakshandsamingsreglar i forvaltningslova og i forskrift av 11.12.97 om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v kap 7.

- **Sakshandsaming:** Delegasjonsreglementet ligg til grunn for ansvarsdeling mellom kommunestyret – formannskapet – rådmannen.

6. TRIVSEL I DET OFFENTLEGE ROM

I bladet ” Lokal alkoholpolitikk – alkoholpolitisk verktøykasse for folkevalgte” (2006), peikar ein m.a. på trivsel i det offentlege rom. Her heiter det m.a. at fylla har okkupert det offentlege rom mange stader med støy, forsøpling, hærverk, krangling m.m.

Det skal difor til einkvar tid vera reint og ryddig utanfor og rundt skjenkestaden.

Løyvehavar skal sjå til at det vert rydda utanfor og rundt skjenkestaden etter stengetid.

Manglande opprydding vert sett på som brot på vilkåra for løyvet.